

Referat styremøte i samlaget 1. juni 2019

Desse møtte: Ola Vangen, Kjell Oddvar Frøysa, Thor Aurdal, Gaute Aamlid og Helge Hollund Surdal

Desse møtte ikkje: Ola Kåre Dybvik og Trine Ramsvik Stette

14/2019 - Terminliste 2020

Styret gjekk gjennom 1. utkast som kretsen har sendt ut til samlaga.

Det blir ikkje store forandringane styret vil foreslå. Det nye forslaget blir sendt ut til skyttarlaga før det sendast inn igjen til kretsen innan 15.juni.

Av forskjellige meisterskap for 2020 så er Sunnmør oppsett på MNM og LDKS i feltskyting. Det er allereie starta arbeidet med å finne aktuelle stadar for desse arrangementa.

15/2019 – Gjennomgang av saksdokument til Skyttartinget 2019

Styret gjekk gjennom og diskuterte skyttarstyret sine innstillingar til årets skyttartingsakar som skal behandlast under Landsskyttarstemnet i Evje. Styret er stort sett einig i innstillingane til skyttarstyret, einaste forskjellen er at Sunnmør Skyttarsamlag mest sannsynleg heller vil gå for Oppdal som arrangør av LS2023 i staden for Steinkjer. Det kjem litt ann på framlegginga og reklameringa av arenaane under møtet.

Leiar møter på tinget for samlaget.

16/2019 – Økonomi

Kasserar gjekk gjennom økonomien til samlaget og det som er igjen av fakturering og utbetalingar. Kasserar vil fortsette og jobbe med å få ut dei fakturaane samlaget ikkje har fått ut enda og betale ut dei utbetalingane som manglar. Mva-kompensasjonen blei sendt inn før fristen 1.juni.